

 ROSLAGEN CHARTERING AS	Varedeklarasjon	
	Lager, Blomvåg	
	Versjon	02
	Revidert dato	23.04.2021
	Revidert av	SIT
Side	1/1	

AGROMAR BLOMVÅG

Skjelsand klasse 1: Svært forvitra, tynt skjelmateriale

Denne skjelsanden vert teken opp utanfor Øygarden og Gulen, Vestland. Skjelsand – og armføtingar (brachiopodar) – har vorte avsett i om lag 500 millionar år, og utgjer i dag ein stor del av ordovicisk-silursk kalkstein i Noreg. Skjelsand i form av lausmassar ved kysten er hovudsakleg frå kvartærtida (siste 1,5 millionar år), og det skjer ei sakte nydanning av skjelsand.

Avhengig av dei artar av muslingar, kråkeballar, røyrormar, rur og korallar som er opphav, og av forvittringsgrad som oppstår ved slitasje med havbårne, vil me få skjelsand av ulike kvalitetar. I Noreg er desse rangert i 4 klassar, 3 av skjelsand og 1 av korallsand.


Det deklarererte produktet er av klasse 1. Skjelsand er eit variabelt naturprodukt, og kalkverdi vil avhenga av både reinhet (nøytraliserande verdi), kornfordeling og fukt. Stadig produksjonskontroll sikrar kvalitet.

Varetype: Skjelsand

	Fuktig vare (som levert)	Tørr vare
Deklererbart næringsinnhald:		
Kalsium (Ca):	29%	36%
Magnesium (Mg):	0,8%	1%
Innhald av vatn:	Ca 20%	
Nøytraliserande verdi:	42%	53%
Volumvekt:	Ca 1,0 kg/dm ³	Ca 0,8 kg/dm ³

Findelingsgrad:

100% finare enn 6,3 mm	58,9% finare enn 0,8 mm
99,5% finare enn 3,15 mm	42,3% finare enn 0,6 mm
94,9% finare enn 2,0 mm	21,8% finare enn 0,4 mm
84,2% finare enn 1,4 mm	3,8% finare enn 0,2 mm
69,8% finare enn 1,0 mm	



Kalkverdi: 32/37 ±3 over 1år/5år

Leveringsmåte: I bulk (laust)

Bruk: Agromar er eit effektivt kalkingsmiddel, med CaCO₃ som hovudkomponent, og som dekker dei fleste bruksområde der det ikkje er særleg bruk for ekstra magnesium (Mg). Med god findelingsgrad verkar denne skjelsanden raskt og bygger opp ein kalkreserve i jorda ved å auke basemetnadsgrada i jordbuffersystemet. Dei grovare partiklane utgjer ein kalkreserve som delvis vert løyst opp over ein kalkingsperiode på 5 år.

Agromar kan nyttast både i jordbruk, hagebruk, park/grøntareal og skogbruk.

Lagring: Bulkware for eigen- og entrepenørspreiing: Innandørs planlager gunstig for opptørking, elles utandørs dersom dette ikkje fører til særlege spreieproblem.

Spreiing: Sentrifugalspreiarar med matebelte (tørr/fuktig vare), "Guffen"/avlessarvogn med kalkspreiutstyr. Kalkvogn. Møi-spreiar for skjelsand (steinrist på toppen).

Tryggleiks-forskrifter: Skjelsand vil normalt ikkje støva under spreieing. Ved evt. støving skal det nyttast vernebriller og støvmaske. Pass opp for utslyngande steinmateriale under spreieing – hald avstand.



ROSLAGEN CHARTERING AS

Leknesvegen 183

5915 HJELMÅS

Tlf: 412 48 128

E-post: post@roslagen.no

WWW.ROSLAGEN.NO